

Implementering av smittevernsreglement Jærtun Lutherske Friskule (JLF)

Sist revidert 14.04.2021

Overordna prinsipp

JLF vil gjer sitt beste for å ivareta elevar og tilsette si fysiske og psykiske helse. Me vil òg ta vår del av ansvaret for å hindre smittespreiing i storsamfunnet. Samstundes som me vil fylgja råda til folkehelseinstituttet (FHI) vil me og søkje å leggje vekt på at elevane skal ha ein så normal kvardag som mogleg, der læring og trivsel er sentralt.

Skulen plikter å lage ein plan over ei rekke områder omtalt i smittevernrettleiaren.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

Tre grunnpilarar

FHI opererer med 3 grunnpilarar for godt smittevern, i prioritert rekkefølge:

1. Sjuke personer skal ikkje være på skulen
2. God hygiene
3. Redusert kontakt mellom personar

Trafikklysinndeling

Grønt nivå

Særlege råd for skule – grønt nivå – nokre utklipp

Sjukdom

- Ingen sjuke skal møte på skulen

Handvask og hygiene er viktig både på grønt, gult og raudt nivå.

- Handvask skal skje:
 - Ved ankomst skule
 - Før måltid/mat handtering
 - Etter toalettbesøk
 - Ved synleg skitne hender
 - Etter kontakt med kroppsveske, for eksempel etter å ha pusset nasen.
 - Etter kontakt med dyr
- Elever skal ikke dele mat og drikke

Reinhold

- Normalt reinhold

Organisering

- Det er ikke behov for kohortinndeling

Særskilde tiltak/tilpassingar for JLF

Handvask og hygiene

- Oppslag om dette gjera på relevante plassar på skulen
- Tilsette gis ansvar for å minne elevar om gjennomføring av personlege hygienetiltak på skulen.

Sjukdom

- Ved sjukdom skal elevar og tilsette halde seg heime.
- Ved påvist covid 19-smitte hos en person i husstanden, skal resten av husstanden forhalda seg til dei ei kvar tid gjeldande reglar.
- Rektor haldast orientert ved smitte/karantene i husstanden til ein elev.

Gult nivå

Særlege råd for skule – gult nivå – nokre utklipp

Handhygiene

- Handvask / desinfeksjon skal skje:
 - Ved ankomst skule
 - Før måltid/mat handtering
 - Etter toalettbesøk
 - Ved synleg skitne hender
 - Etter kontakt med kroppsveske, for eksempel etter å ha pusset nasen.
 - Ved bytte av klasserom

Reinhald

- Det skal være forsterka reinhald ved gult nivå. (sjå eigen plan).

Kontakt mellom personar

- Lærarar skal halde 1-meters-avstand-regelen. Dette er ikkje presisert for elevar.

Sitat frå FIH:

- *Klassen regnes som en kohort.*
- *Det er ikke nødvendig å begrense elevers vanlige bevegelser i klasserommet.*
- *Større samlinger bør unngås.*
- *Ved bruk av ulike faglærere, kan lærere ambulere på tvers av kohorter, mens kohortene har faste klasserom der det lar seg gjøre.*

Særskilde tiltak/tilpassingar for JLF

Sjukdom

- Ved sjukdom skal elevar og tilsette halde seg heime.
- Ved påvist covid 19-smitte hos en person i husstanden, skal resten av husstanden forhalda seg til dei ei kvar tid gjeldande reglar.
- Rektor haldast orientert ved smitte/karantene i husstanden til ein elev.

Kohortar

- A, B, C, D, og E definerast som kohortar
- A + B (totalt 35 elevar) er samarbeidskohortar. Dei *kan* samarbeide, men er fortrinnsvis åtskilt innandørs.
- C (20 elevar) har ingen samarbeidskohort men er saman med A + B på uteområdet og kan være saman med A + B innandørs inntil 15 minuttar.
- D + E (totalt 39 elevar) er samarbeidskohortar. Dei kan samarbeide, men er fortrinnsvis åtskilt innandørs.

Data- og utstyrssbruk

- Alle elevar og lærarar har personleg iPads
- Ingen elevar eller lærarar skal i utgangspunktet dele på utstyr, mat eller liknande.
- I sløyd, mat og helse og enkelte andre samanhengar er utstyrssdeling tilnærma umogleg. Faglærer har i desse timane ansvar for at handvask gjennomførast i byrjinga av økta og ved behov gjennom økta ut frå generelle hygiene råd.
- Elevane vaskar eigen pult kvar dag før dei går heim.

Friminutt/Tilsyn

- Alle sendes ut i alle friminutt med unntak av dei som har skulemåltid.
- Det er ikkje behov for regulering av friminutt-tider.
- Områder for uteleik blir regulert slik at A+B+C deler områdane frå sandkassar tom. fotballbingen.
- D og E klassen deler på fotball(gras)banen, plenen, basket og landhockeybanen.
- Denne todelinga av uteområda skal handhevast strengt av tilsynet.

Uteleikar

- Uteleikar skal ikkje nyttast på tvers av samarbeidskohortane.

Inngang

- A, B og C brukar eigne inngangar.
- D og E brukar felles inngang og garderobe og sleppast inn under tilsyn av faglærar(ar) 1. time
- Handvask skjer ved inngang til klasserom. Faglærer overvaker dette.
- Elevar som kjem til skulen før skulestart skal opphalde seg i same områder som er tildelt i friminuttar.

Toalett

- Det vert sett opp eigne skilt på toalett slik at færre elevar nyttar same toalett.
- Personale har eigne toalett og nyttar desse

Skulemåltid

- Det vil bli skulemåltid for D og E (kvar for seg). Maten vert servert og/eller pakkast inn. Skulemåltidansvarleg planlegg og gjennomfører dette.

Fellessamlingar

- Fellesandakter er delt i to slik at A, B og C klassen møter annakvar veke og D og E klassen annakvar veke.

Raudt nivå

Særlege råd for skule – raudt nivå – nokre utklipp

Handhygiene

- Handvask skal skje:
 - Ved ankomst skule
 - Før måltid/mat handtering
 - Etter toalettbesøk
 - Ved synleg skitne hender
 - Etter kontakt med kroppsveske, for eksempel etter å ha pusset nasen.
 - Ved bytte av klasserom

Reinhald

- Det skal være forsterka reinhald og ved raudt nivå. (sjå eigen plan).

Kontakt mellom personar

- Lærarar og elevar i ungdomsskulen skal halde 1-meters-avstand-regelen. Det er også tilrådeleg at 5.-7. trinn held avstand, men det er ikkje nødvendig for dei yngste.
- Kohorter kan være på maks 15 elever.

Sitat frå FIH:

- *Der det er nødvendig med ulike faglærere, kan lærere ambulere på tvers av kohorter, mens kohortene har faste klasserom der det lar seg gjøre.*

Særskilde tiltak/tilpassingar for JLF

Sjukdom

- Ved sjukdom skal elevar og tilsette halde seg heime.
- Ved påvist covid 19-smitte hos en person i husstanden, skal resten av husstanden forhalda seg til dei ei kvar tid gjeldande reglar.
- Rektor haldast orientert ved smitte/karantene i husstanden til ein elev.

Kohortar

- A, 3.tr, 4 tr, 5 tr, 6 tr, 7 tr, 8 tr, 9 tr, og 10 tr definerast som kohortar og får dermed tildelt eigne klasserom.
- Samarbeid med samarbeidskohortar kan praktiserast ute.
- Faglærarar kan virke mellom kohortar så lenge elevane ikkje forflyttast og at lærar tar nødvendige hygieniske forhaldsreglar.
- Det vil ut frå nye gjeldande regler pr. 12.04.21 truleg ikkje lenger være mogleg å gjennomføre fulle skuledagar for alle heile veka ved raudt nivå. Nærmore plan for kven som møter kva dagar vil bli gitt ut ved overgang til raudt nivå. 1.-4. tr vil i tråd med regelverket i utgangspunktet likevel ha heile skuledagar på skulen.

Data- og utstyrssbruk

- Alle elevar og lærarar har personleg iPads
- Ingen elevar eller lærarar skal i utgangspunktet dele på utstyr, mat eller liknande.
- I sløyd, mat og helse og enkelte andre samanhengar er utstyrssdeling tilnærma umogleg. Faglærer har i desse timane ansvar for at handvask gjennomførast i byrjinga av økta og ved behov gjennom økta ut frå generelle hygiene råd.
- Elevane vaskar eigen pult kvar dag før dei går heim.

Friminutt/Tilsyn

- Alle sendes ut i alle friminutt med unntak av dei som har skulemåltid. Skulemåltidet gjennomførast i klasse(kohort)rom.
- Det er ikkje behov for regulering av friminutt-tider.
- Områder for utelek blir regulert slik at A+B+C deler områdane frå sandkassar tom. fotballbingen. C klassen skal ikkje bruke utstyr i sandkassane.
- D og E klassen deler på fotball(gras)banen, plenen, basket og landhockeybanen. Dei må holde 1 meter avstand også ute.
- Denne todelinga av uteområda skal handhevast strengt av tilsynet.

Uteleikar

- Uteleikar skal ikkje nyttast på tvers av samarbeidskohortane. Utstyr som nyttast ute skal ha fast plass i ein klasse og kontaktlærer for klassen har ansvar for å at dette enten (a) desinfiserast dagleg eller (b) bare nyttast av samarbeidande kohortar.

Inngang

- A, 3. tr, 4. tr brukar eigne inngangar. C brukar felles inngang. 6 tr. hentes og går inn først for å gå til stjernerom. 6 tr. går deretter inn
- D og E brukar felles inngang og garderobe. For å unngå trengsel gjerast det på fylgjande måte:
 - o På morgonen, ved skulestart, og etter friminutt går E inn på signal frå skuleklokka. D hentast av faglærar når E har kome seg inn. (bruk evt.

gymfløyte). Tilsvarande må E ut på signal frå skuleklokka, mens D vert att i 1-2 minutt ekstra. Dette utøvast med skjønn og evaluerast.

- Handvask skjer ved inngang til klasserom. Faglærer overvaker dette.
- Elevar som kjem til skulen før skulestart skal opphalde seg i same områder som er tildelt i friminuttar.

Toalett

- Det vert sett opp eigne skilt på toalett slik at færre elevar nyttar same toalett.
- Personale har eigne toalett og nyttar desse
- HC toalett i 1.etg. nyttast av jenter i 4. klasse.

Skulemåltid

- Det vil bli skulemåltid for 7. tr, 8. tr, 9. tr og 10. tr. kvar for seg. Maten pakkast inn og serverast av skulemåltidansvarleg i kvar sine kohortar.

Fellessamlingar

- Fellesandakter er delt i to slik at A, B og C klassen møter annakvar veke og D og E klassen annakvar veke. Samlingstida skal være på under 15 minutt for å tilfredsstille krava.

Jærtun Lutherske Friskule